

## KONTROLLUTVALET I OSTERØY KOMMUNE MØTEUTSKRIFT

Møte: 26. september 2018 kl. 12.00 – 13.00

Stad: Formannskapssalen, Kommunehuset

Tilstade: Atle Reidar Eide (leiar), Ole Johannes Mjøs (nestleiar), Ann Christin Reigstad (medlem), John Tysse (medlem) og Audun Mosevoll (medlem)

Forfall:

Innkalla: Rådmann Ingvild Hjelmtveit deltek under sak 28 – 30/18

Frå revisjon:

Sekretær: Øivind Olsnes

---

### 25/18 Godkjenning av innkalling og saksliste

#### Behandling i møte:

#### Framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste er godkjent

#### Samrøystes vedtak:

Innkalling og saksliste er godkjent

### 26/18 Godkjenning av møteutskrift frå sist møte

#### Saksvedlegg:

Møteutskrift frå møte 14.06.2018


#### Behandling i møte:

#### Framlegg til vedtak:

Møteutskrift frå møte 14.06.2018 er godkjent

#### Samrøystes vedtak:

Møteutskrift frå møte 14.06.2018 er godkjent



## 27/18 Skriv og meldingar

Saksvedlegg:

### **Behandling i møte:**

Det vart orientert om at revidert delegeringsreglement og reglement for KU / andre utval er lagt fram for kommunestyret til godkjenning i møte den 26.09.18

Sekretæren orienterte om endringar i samband med skifte av revisjonssjef når Reidar Bjørsvik sluttar i stillinga. Revisjonen har inngått eit samarbeid med Indre Hordaland Revisjonsdistrikt om samarbeid i ein overgangsperiode.

### **Framlegg til vedtak:**

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering

### **Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering

## 28/18 Orientering økonomisk status for kommunen

Saksvedlegg:

### **Behandling i møte:**

Rådmann Ingvild Hjelmtveit deltok i saka og gav ei orientering om økonomisk status.

Det vart mellom anna informert om følgjande:

- Skatteinngang og andre inntekter ser bra ut
- Kjem ekstra midlar frå Havbruksfondet
- Held att stillingar og omprioriterer folk der det er mogleg
- Kort gjennomgang av status og avvik i høve budsjett for ulike sektorar
- Ekstra kostnader vedkomande ras og skogbrann
- Totalt ser ein ut til å kome i balanse i 2018 (eks. ekstra midlar frå Havbruksfondet), men det ser ut til å verte meir krevjande for 2019


Rådmannen svarte på spørsmål frå kontrollutvalet

### **Framlegg til vedtak:**

Kontrollutvalet takkar for orienteringa og tek informasjonen til orientering

### **Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet takkar for orienteringa og tek informasjonen til orientering



## 29/18 Oppfølging av revisjonsrapport nr 16

### Saksvedlegg:

Revisjonsrapport nr. 16, Nordhordland Revisjon IKS

### Saksopplysningar:

I sak 11/18 gav kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskap / årsmelding for 2017 og revisjonsrapport nr 16. I uttalen vart det vist til nokre kommentarar frå revisjonen. I kontrollutvalet sitt vedtak vart det peika på ulike tilhøve som kontrollutvalet ville følgje opp i løpet av 2018.

### Behandling i møte:

Rådmann Ingvild Hjelmtveit deltok i møtet og orienterte om korleis merknader i Revisjonsrapport nr. 16 er/vert følgd opp.

Det vart mellom anna informert om følgjande:

- Jobbar med ulike tiltak for å avvikle ulike kontantkassar utanom rekneskapet
- Er underteikna avtale vedkomande Gjerstadheimen

Rådmannen svarte på spørsmål frå kontrollutvalet

### Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet takkar for orienteringa og tek den til etterretning

### Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takkar for orienteringa og tek den til etterretning


## 30/18 Oppfølging sak – Steinknuseverk konto

### Saksvedlegg:

### Saksopplysningar:

Kontrollutvalet har i fleire møte drøfta ei sak vedkomande eit steinknuseverk der Fylkeslandbruksstyret i 1989 sette vilkår for start av drifta, at det skulle setjast av midlar på ein sperra bankkonto. Midlane skulle vere som sikkerhet for at arealet vart ført attende til landbruk når drifta opphøyrd. Denne bankkontoen er opplyst avslutta kring år 2000. Midlane er utbetalt frå banken og det har vore uklart korleis midlane er vorte disponert.

Revisjonen har vore førespurt om å følgje opp saka i høve Sparebanken Vest der denne kontoen var oppretta. Revisjonssjefen gav i møte den 25.04.18 (under sak 14/18) og i møte den 14.06.18 (under sak 22/18) korte tilbakemeldingar til kontrollutvalet om førespurnaden.



Revisjonen har etter fullmakt frå Osterøy kommune v/rådmannen vore i kontakt med Sparebanken Vest om saka. Det er skriftleg sendt førespurnad om innsyn i den avslutta bankkontoen.

Revisjonen mottok i epost den 21.06.2018 slik svar frå Sparebanken Vest:

*«Vi beklager, men vi kan ikkje finne frem etterspurte så langt tid tilbake. Fristen for det er 10 år, slik at konto og transaksjoner etc. nå er borte».*

I møte den 28.11.2017 vart det opplyst at midlane var utbetalt frå banken utan at heradsagronomen hadde gjeve si godkjenning, slik vilkåra tilsa.

Sparebanken Vest sitt svar tilseier at ein i dag ikkje kan finne dokumentasjon

- Om kven som bad om at midlane vart utbetalt
- Kven midlane vart utbetalt til
- Eller om bruk av midlane har vore i samsvar med vilkåra

Slik saka står i dag ser det ut til å vere uråd å få fram nye opplysningar som kan gje nærmare svar på dei spørsmål som er reist i kontrollutvalet.

På denne bakgrunn vert det rådd til å avslutte saka.

**Behandling i møte:**

Saka vart drøfta

**Framlegg til vedtak:**


Kontrollutvalet vedtek å avslutte saka.

Kontrollutvalet vil rå til at rådmannen i eventuelle liknande saker vurderer trong for kontrollrutinar som sikrar at bruk av slike midlar vert gjort på føresette vilkår.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet vedtek å avslutte saka.

Kontrollutvalet vil rå til at rådmannen i eventuelle liknande saker vurderer trong for kontrollrutinar som sikrar at bruk av slike midlar vert gjort på føresette vilkår.



### 31/18 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval

Saksopplysningar:

Møtebøker frå politiske utval ligg tilgjengeleg på kommunen sine heimesider

Behandling i møte:

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet har ingen merknadar til møtebøker frå politiske utval.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet har ingen merknadar til møtebøker frå politiske utval.

### 32/18 Eventuelt

Behandling i møte:

#### Presisering av vedtak : 21/18 Forvaltningsprosjekt - Vedtaksoppfølging

Saka vart behandla i møte den 14.06.18 der følgjande er protokollert under handlinga av saka:

*Kontrollutvalet drøfta prosjektplanen og dei avgrensingar som var føreslege. Kontrollutvalet slutta seg til framlegget, **men ønskte også at saker innan landbruk vert teke med.***

Det vart gjort slik vedtaket i saka:

*Kontrollutvalet godkjenner framlegget til prosjektplan og tingar frå revisjonen oppstart av forvaltningsprosjektet Vedtaksoppfølging, Osterøy kommune.*


*Kontrollutvalet vedtek å avgrense prosjektet til gjennomgang av enkeltvedtak innanfor stabsfunksjonane Byggesak / Plan*

I vedtaksteksten er det ikkje tydeleg formulert **at saker innan landbruk vert teke med.**

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vedtek slik presisering av andre avsnitt i vedtaket.

*Kontrollutvalet vedtek å avgrense prosjektet til gjennomgang av enkeltvedtak Innanfor stabsfunksjonane Byggesak / Plan, men at saker innan landbruk vert teke med.*



**Neste møte i kontrollutvalet er 05. desember kl. 12.00**

Saker til neste møte:

- Orientering/dialog med ordfører/rådmann
- Status rekneskapsrevisjon, orientering frå revisjonen
- Revisor sin uavhengighet
- Årsplan/møteplan kontrollutvalet 2019
- Oppfølging av investeringsprosjekt – status/framdrift
- Oppfølging sak 41/17 – Forvaltningsprosjekt barnevern
- Status forvaltningsrevisjonsprosjekt: 2016 -2020

Osterøy, 26. september 2018

Atle Reidar Eide, leiar

Øivind Olsnes, sekretær